

UTTALE TIL BARNEHAGE OG SKULEBRUKSPLAN

FAU, Vik skule og Grendeutvalget gir felles uttale til den framlagte planen.

Kortversjonen av vår uttale er:

Me vil beholde både barnehagen og skulen i bygda vår!

Fordi:

- Me meine – og me trur – at både skule og barnehage er heilt sentrale element i ei levande bygd.
- Fleire av partia gikk til valg på å oppretthalde tilbodet om skule og barnehage i bygdene – og det håpe og trur me at dei står ved.
- Barnehage- og skulebygget i Vikebygd er relativt nytt (11 år) og det er lite/ikkje trong for utbetringar i fylgje rapporten. Kommunen nyttar storsalen på Bygdahuset til kroppsøving og ellers til større arrangement i regi av skulen. Ut frå det me kjenner til fungerer dette godt. Skulen og barnehagen får dekkja sine behov og Bygdahuset får inntekter som igjen bidrar til drifta av ein viktig møteplass i bygda.
- Majoriteten av ungane har kort – og trygg – skuleveg. Dei kan gå/sykle og slik få både frisk luft og fysisk aktivitet. «Folkehelse i kvardagen er bra»!
- Det er eit trygt oppvekstmiljø i bygda. Me er ei lita bygd der «alle kjenner alle». Det har både positive og negative sider, men vårt inntrykk er at det er flest positive sider. Ungane kjenne kvarandre på tvers av årskull og foreldra kjenne kvarandre; viktige element knytt til m.a. tryggleik, identitet og trivsel.
- Uten barnehage og skule i bygda vil
 - Utflytting frå bygda (og kommunen) truleg auke – og tilflytting kan me sjå langt etter. Då blir ei ynskja innsparing raskt eit tap av inntekt – og ein har ikkje løyst noko av dei økonomiske utfordringane kommunen står i.
 - Engasjementet og aktiviteten i frivillig sektor blir redusert (t.d. idrettslaget og speidaren)
 - Verdien på bustadar og hytter vil bli redusert (Vikebygd har masse «hyttefolk» som bruke hyttene store delar av året, bruke lokale tilbod, bidrar til å sikre lokale arbeidsplassar – og som driv mykje god PR for kommunen)
- Me er glad i bygda vår og vil ikkje gi etter for «sentraliseringskreftene». Barnehagen og skulen gjeld meir enn «berre» ungane. Etter vårt syn omhandlar denne saka kva me vil for Vindafjord kommune framover – og me vil gjerne at heile Vindafjord skal opplevas (og oppfattas) som «Vital og sentral».

Ynskjene våre for framtida og vegen vidare er at:

- Kommunen sin visjon «*Vindafjord – vital og sentral*» med verdiane «*Trivsel, handlekraft og levande bygder*» gir eit hav av moglegheiter og ber bud om ein kommune som er «frampå»! Kommuneplanen er kommunen sitt eige styringsverktøy og den gir klare retningslinjer for prioriteringar. Me ser gjerne at gjeldande kommuneplan i større grad blir lagt til grunn/brukt som styringsverktøy både administrativt og politisk og at kommunen blir opplevd som «frampå».
- Store avstandar og spreidd busetnad er ein av kommunen sine utfordringar, særleg når det gjeld tenesteyting i «randsonen» (ref Imsland, Bjoa og Vikebygd). Her ligg og

moglegheiter; t.d for å teste nye arbeids-/samarbeidformer knytt til tenesteyting. Likeverdige tenester treng ikkje vere like tenester. Det er tid for nye/alternative løysingar, m.a knytt til samhandling kommune - lokalt næringsliv – Grendeutvalg/frivillige!

- Kan middag til heimebuande produserast lokalt (av firma som driv i bransjen) i staden for på omsorgsenteret? Slik kan ein redusere køyretid/-avstand ved levering og det vil styrke lokalt næringsliv. Skal ein hente dei eldre til eit felles måltid – i staden for levere middag heime hos dei? Kanskje er det også attraktivt for yngre/yrkesaktive å «abbonere» på middag?
- Etablere lokalt «servicesenter» der definerte oppgåver løyses t.d. gjennom avtalar med lokalt næringsliv?

Dette er eksempel, men poenget er at i Vikebygd er me klar til vere med på eit slikt utviklingsarbeid!

- Vikebygd har plass til fleire elevar om det skulle bli justering av kringsgrenser og/eller trangt om plass i Skjold.
- Intern organisering og god drift er kommunedirektøren sitt ansvar, men me tillate oss å gi litt «innspel frå sidelinja»:
 - Gå tilbake til blyant og papir i småskulen, bort med whiteboard, og I-pader til alle
 - Kommunen legg jobbar som t.d. utskifting av vinduer og utbygging ut på anbod. Vaktmester med relevant fagbrev kan kanskje løyse desse oppgåvene, der resultatet blir like godt og kostnaden mindre?
- Folketalsutviklinga i kommunen går dessverre feil veg. Samtidig er me ein av få kommunar med «arbeidsinnvandring» og stor variasjon i type arbeidsplassar. Her ligg det moglegheiter!

Me ynskjer rett og slett at kommune inntar ei aktiv rolle for å snu den negative utviklinga – både når det gjeld tal innbyggjarar og kommuneøkonomien.

Om sjølve planen:

Me har valgt å ikkje «ta for oss» punkta i planen som er faktiske feil eller der me syns det manglar info etc. Planen legg mest vekt på økonomi – og me meine at barnehage- og skulestrukturen må vurderast i eit større perspektiv enn det. Me har ulik ståstad og kanskje ulik «tru» og meining og etter vårt syn har det lite for seg å bruke krefter på å trekke fram det som me ikkje er nøgde med/meiner er faktafeil etc. Me vil behalde dei få kommunale tilboda me har i bygda vår!

Me er ikkje interessert i å vurdere nedlegging, men blir gjerne med på arbeidet med å finne nye og alternative løysingar som er bra for både kommunen og innbyggjarane; eksisterande og nye.

Vikebygd 19.01.21

Elin Sætre (s)

Elisabeth Julsrud (s)

Gunn Vikingstad (s)

Leiar FAU, Vik skule

FAU, Vik skule

Vikebygd Grendeutvalg

